

Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16
6823 SANDANE

Dykkar ref

Vår ref
20/1551-6

Dato
11. februar 2021

Statsbudsjettet 2021 - tilleggstilskot

1. Tilleggstilskot for 2021

Vi syner til tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet dagsett 18. desember 2020 til Musea i Sogn og Fjordane.

Vidare syner vi til tilskotsbrev frå Kulturdepartementet dagsette 19. oktober 2020 og 10. desember 2020, der Musea i Sogn og Fjordane vart tildelt auka tilskot knytt til innkjøp av norsk samtidskunst hausten 2020.

Med grunnlag i vedteke statsbudsjett for 2021, jf. Prop. 1 S (2020-2021) og Innst. 14 S (2020-2021), aukar Kulturdepartementet ytterlegare tilskotet til ei rekkje kunstmuseum øyremerkt innkjøp av samtidskunst. Midlane skal nyttast til kjøp av samtidskunst, kunsthandverk og design, frå galleri og visningsstader i Noreg eller om naudsynt direkte frå kunstnaren. Innkjøpa skal knyttast til kunstnarar som i hovudsak bur og verkar i Noreg. Siktemålet er å stimulera skapande kunstnarleg aktivitet i alle delar av landet.

Kunstverka skal kjøpast så snart det lèt seg gjera og seinast innan fyrste halvår 2021.

Kulturdepartementet tildeler med dette Musea i Sogn og Fjordane eit eingongstilskot på **kr 1 000 000**. Tilskotet er løyvd under kap. 325, post 77.

Tilskotet vil verta utbetalt til dykkar konto nr. 3705 16 96647 om kort tid.

2. Vilkår knytte til tilleggstilskotet

Mål, føresetnader og krav til rapportering i tilskotsbrevet dagsett 18. desember 2020 gjeld

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 866

Avdeling

Saksbehandlar
Natalia Ryan
22 24 72 33

for tilleggstilskotet med.

3. Rapportering

Rapportering for bruk av tilleggstilskotet skal inngå i den ordinære rapporteringa frå museet til Kulturdepartementet. I webskjema for budsjettsøknad og rapport skal midlane først som "anna offentleg tilskot frå Kulturdepartementet".

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)
avdelingsdirektør

Natalia Ryan
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Norsk kulturråd
Vestland fylkeskommune